

# **VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I VIK KOMMUNE.**

## **1. EIGARTILHØVE**

Vedtektene gjeld barnehagar som Vik kommune eig og driv.

## **2. LOV OG REGELVERK, FØREMÅL**

Barnehagane skal drivast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande *Lov om barnehagar* med tilhøyrande forskrifter og elles retningsliner fastsette av Kunnskapsdepartementet, kommunale vedtak og plan for den einskilde barnehage.

## **3. DRIFT OG FORVALTNING**

3.1 Vik kommune eig og er ansvarleg for drift av dei barnehagane i kommunen som er omfatta av desse vedtektene.

3.2 Rådmannen er det kommunale forvaltningsorganet for all barnehageverksemd i Vik kommune.

3.3 Styre og foreldreråd

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd i samsvar med *Lov om barnehagar*.

Samarbeidsutvalet skal vera eit samarbeidsorgan for foreldre, personale og eigar og skal ha ansvar for den alminnelege drifta i nær kontakt med styrar i barnehagen.

Der barnehage og skule er samlokalisert (oppvekstsenter), skal det vera felles samarbeidsutval og/eller foreldreråd. Då skal foreldre/føresette og tilsette både frå barnehage og skule vera representerte i utvalet.

### **I) Samarbeidsutval for Valsvik, Feios, Fresvik og Vangsnes barnehagar**

1 representant med vara for eigar, 4 års valbolk

1 representant med vara for dei tilsette 1 års valbolk

1 representant med vara for foreldra 1 års valbolk

### **II) Samarbeidsutval for Vik barnehage**

2 representantar med vara for eigar 4 års valbolk

2 representantar med vara for dei tilsette 1 års valbolk

2 representantar med vara for foreldra 1 års valbolk

Vik Formannskap har delegert mynde frå kommunestyret til å velja kommunen sine representantar og vararepresentantar til barnehagane sine samarbeidsutval,

### III) Foreldreråd

Foreldrerådet er foreldre/føresette til alle barna i vedkommende barnehage. Ved røysting vert det gitt ei røyst for kvart barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

## 4. AREALUTNYTTING

4.1 Leike- og opphaldsarealet i barnehagane i Vik kommune er fastlagt slik:

<b>Valsvik barnehage</b>		76 kvm
<b>Feios barnehage</b>		51 kvm
<b>Fresvik barnehage</b>		55 kvm
<b>Vangsnes barnehage</b>		68 kvm
<b>Vik barnehage</b>	avd. Tripp	56 kvm
	avd. Trapp	70 kvm
	avd. Tresko	93 kvm
	avd. Soria	83 kvm
	avd. Moria	83 kvm
	avd. Bødalen	80 kvm

4.2 Arealutnyttinga vert fastlagt til 4 kvm netto pr. barn som gjeldande norm. Samanhalde med personalnormer og føresetnader gir dette følgjande plassar i dei ulike barnehagane:

<b>Valsvik barnehage</b>		18 plassar
<b>Feios barnehage</b>		16 plassar
<b>Fresvik barnehage</b>		18 plassar
<b>Vangsnes barnehage</b>		18 plassar
<b>Vik barnehage</b>	avd. Tripp barn < 3 år	9 plassar
	avd. Trapp	18 plassar
	avd. Tresko	18 plassar
	avd. Soria	18 plassar
	avd. Moria	18 plassar
	avd. Bødalen	18 plassar

Kvart barn tel for to plassar heile det halvåret det fyller 3 år. Opptaksutvalet må ved skjønn tilpassa talet på barn i dei respektive barnehagane/avdelingane etter aktuell belastning.

## 5. OPPTAK AV BARN

### 5.1 Søknad

Vik kommune gjennomfører eitt hovudopptak kvar vår. Barn som får tildelt plass, beheld plassen til han blir sagt opp, endra eller til barnet når skulealder. Ordinær søknad om opptak skal sendast Vik kommune på fastlagt skjema innan fristen som er sett i utlysing.

I hovudregel vil opptak fylgje forskrift om opptaksområde (skulekrins) for barnesteget (sjå sak 12/09 vedtak i kommunestyre 04.05.2009).

Som hovudregel kan ikkje eit barn dela ein 100% plass mellom to avdelingar.

Søknader som kjem inn etter fristen, vert vurderte **etter** dei som kjem inn i rett tid dersom det ikkje ligg føre tilråding frå PPT, Barnevern / NAV eller helsesøster.

Vik kommune gjennomfører suppleringsopptak etter behov. Søknader som kjem inn elles i året, vil bli vurderte ved mottak og i høve til eventuelle barn på venteliste. Eventuell venteliste har ikkje prioritert rekkjefølgje. Ledige plassar i løpet av året vert ikkje utlyste.

## **5.2 Klagehandsaming**

Vedtak om tildeling av barnehageplass er eit einskildvedtak og kan såleis påklagast. Klaga skal vera skriftleg og grunngitt. Vik Formannskap er klageinstans. Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast.

## **5.3 Opptaksutval**

Etter innstilling frå den einskilde styrar ligg føre, står eit eige opptaksutval for opptaket. Dette er samansett slik:

- Oppvekstsjef
- Styrar i vedkommande barnehage
- Helsesyster
- Tenestetorget held sekretariat

## **6. OPPTAKSKRITERIUM**

Følgjande kriterium vert lagde til grunn i prioritert rekkjefølgje:

6.1 Barn med funksjonshemmingar skal ha plass såframt dei kan ha nytte av opphaldet.

6.2 5-åringar.

6.3 Det kan søkjast prioritert plass ut frå sosiale, familiære, pedagogiske, medisinske eller økonomiske grunnar. Søknaden skal då dokumenterast.

6.4 Barn av einslege forsyttarar under utdanning, i arbeid eller under attføring. Sambuartilhøve vert i denne samanheng likestilt med ekteskap.

6.5 Barn der begge foreldra er i arbeid eller under utdanning.

6.6 Barna vert prioriterte ut frå alder der dei eldre går føre dei yngre.

6.7 For søkjarar som elles står likt gjeld:

- om barnet har dårlege/farlege leiketilhøve eller om det bur isolert utan leikekameratar.
- om barnet har sysken i same barnehage.

Det skal takast omsyn til gruppesamansetjing ved opptak.

Ved hovudopptak vert 1 heil plass (eller 2 halve plassar) pr. avdeling i barnehagane reservert til tildeling etter evt. klagehandsaming.

## **7. OVERFLYTTING**

7.1 Ved overflytting frå ein barnehage til ein annan i kommunen, gjeld dette ut den perioden barnet har fått plass for. Det same gjeld ved søknad om utvida opphaldstid.

7.2 Søkjer ein om overflytting og får ny plass, fell tilbodet om den gamle plassen automatisk bort.

## **8. OPNINGSTIDER, FERIAR**

8.1. Alle barnehagane har i utgangspunktet eit heildagstilbod. Heildagstilbodet med 9 timars opningstid (Vik barnehage 8 timar og 45 minutt) held ope 5 dagar i veka, måndag t.o.m.fredag når dette er vanlege yrkedagar. Det reduserte tilbodet vert organisert i heile dagar som 50% opphaldstid.

Tilboda må ha ein oppslutnad på 4 barn eller fleire for å kunna takast i bruk. Unntak frå pkt 8.1 krev politisk handsaming.

Som eit supplement til tilbodet om 50% plass, kan foreldre søkja om å få "kjøpa" ein-skilddagar ved

barnehagen på den gruppa/avdelinga som barnet har plass i frå før. Pris pr. ein-skilddag vert sett til kr. 205,- pr. dag. (2010-satsar)

Barnehagane har 5 planleggingsdagar med høvesvis avkorting til maksimaltilbodet i den ein-skilde barnehagen. Barnehagane held ikkje ope på planleggings-dagane. Desse vert freista lagt til grunnskulen sine fridagar/planleggingsdagar.

### **8.2 Feriar**

Barna skal ha 3 veker samanhengande ferie. Hovudregel er at ferien vert avvikla innan igangverande barnehageår.

8.3 Barnehagar med eit 11 månaders tilbod - med unntak av Vik barnehage - er stengde 3 veker i fellesferien. Vik barnehage er heilårsopen. Foreldre/føresette må kvart år gje melding til barnehagen innan 1. mai om kor tid dei tek ut barna i ferie. Dei som ikkje melder frå om annan ferie innan fristen, går ut av barnehagen i fellesferien.

8.4 Opningstidene skal respekterast. Dersom barnet vert henta etter opningstida kan føresette verte fakturert for dei lønskostnadane dette medfører Vik kommune gjennom pålagd overtid.

## **9. FORELDREBETALING**

9.1 Kommunestyret fastset foreldrebetaling og reglar for søskenmoderasjon: 30%

moderasjon for barn nr. 2 og 50% for barn nr. 3 og fleire. Det vert kravd betaling for 11 månader. Betalinga skal gjelda frå 1.8. det året barnet får plass ved hovudopptaket. Dersom plassen vert teken i bruk før 15. i månaden ved opptak seinare i barnehageåret, skal det betalast for heil månad.

9.2 Det kan søkjast om friplass i spesielle høve. Søknaden vert avgjort av NAV / barnevernet. Avslag kan klagast til Vik Formannskap.

9.3 Dersom foreldre/føresette ikkje betalar for barnet innan rimeleg tid (2 mnd. etter forfall), kan barnet deira missa den tildelte plassen umiddelbart.

9.4 Barn opptekne i april og mai månad på ledige plassar, har ikkje betalingsfritak for juli månad.

## **10. OPPSEIING**

Oppseiing av barnehageplass skal vera skriftleg til Tenestetorget med minst ein månads varsel. For tidsrommet 1. februar til 1. august er oppseiingstida 3 månader, men likevel slik at oppseiingstida går ut det inneverande barnehageåret. Det vert kravd betaling for oppseiingstida sjølv om barnet ikkje nyttar plassen.